



STORTINGET

Innst. 146 S

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget
frå familie- og kulturkomiteen

Prop. 16 S (2023–2024)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om
Endringar i statsbudsjettet 2023 under Barne- og
familiedepartementet

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Innleiing

I proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2023.

1.2 Endringsforslag

KAP. 841 SAMLIV OG KONFLIKTLØYSING

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle

Prognosen for bruk av meklarar utanom familievernet er høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD foreslår derfor å auke løyvinga under kap. 841 post 21 med 1,1 mill. kroner.

Post 71 Bidragsforskot

Det er venta større nedgang i talet på mottakarar av bidragsforskot og gjennomsnittleg satsauke er lågare enn tidlegare anslått. Utgiftene i 2023 blir no rekna til 655 mill. kroner. BFD foreslår å redusere løyvinga på kap. 841 post 71 med 28,4 mill. kroner.

KAP. 3841 SAMLIV OG KONFLIKTLØYSING

Post 70 Refusjon frå bidragspliktige

Det er venta lågare vekst i bidragsforskott grunna nedgang i talet på mottakarar på kap. 841 post 71. I motsett retning trekkjer auka refusjonsdel anslaget opp. Utgiftene i 2023 blir no rekna til 187 mill. kroner. BFD foreslår å redusere løyvinga på kap. 3841 post 70 med 1 mill. kroner.

KAP. 843 ADOPSIJONSSTØNAD

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, *overslagsløyving*

Prognosen for talet på utanlandsadopsjonar er lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. BFD foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 843 post 70 med 3,5 mill. kroner.

KAP. 845 BARNETRYGD

Post 70 Tilskot, *overslagsløyving*

Talet på mottakarar av barnetrygd er lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2023 blir no rekna til 21 340 mill. kroner. BFD foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 845 post 70 med 311,9 mill. kroner.

KAP. 846 FAMILIE- OG OPPVEKSTILTAK

Post 61 Tilskot til å inkludere barn og unge, *kan nyttast under post 71*

BFD foreslår ei auka løyving på 9 mill. kroner under kap. 846 post 61 som blir delt likt mellom Frelsesarmeen, Blå Kors, Røde Kors og Kirkens bymisjon. Med auka støtte kan desse organisasjonane nå ut til fleire og auke kvaliteten på den hjelpa som kvar einiskild får. Målgrup-

pa for den ekstra støtta er vanskelegstilte grupper, men det er ei forventning om at hovuddelen av midlane går til tiltak retta mot barnefamiliar eller barn og unge.

Det er òg føreslått auka løyvingar til liknande formål under kap. 881 post 78. Sjå omtale der.

Post 62 Utvikling i kommunane

Løyvinga blir mellom anna nytta til utprøving og evaluering av programmet Saman på veg – Nurse Family Partnership. Utbetalingane til programmet går hovudsakleg til kommunar. Det er eit mindreforbruk på om lag 2,3 mill. kroner, i hovudsak grunna vakansar og sjukmeldingar.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 846 post 62 med 2,3 mill. kroner.

Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m

Løyvinga dekkjer mellom anna tilskotet til Barentssekretariatet i Kirkenes for å fremme ungdomssamarbeid i Barentsregionen. Grunna krigen i Ukraina fekk ikkje Barentssekretariatet brukt midlar i 2022. Restmidlane blei overført til 2023 og tilskotet til Barentssekretariatet i 2023 er derfor avkorta med tilsvarende sum. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 846 post 79 med 1,5 mill. kroner.

KAP. 853 BARNEVERN- OG HELSENEMNDENE

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter i nemndene og i Sentraleininga for barneverns- og helsenemnda og sakskostnader ved handsaming av saker. Grunna auka tal på saker og meirforbruk til drift, føreslår departementet å auke løyvinga på kap. 853 post 1 med 9 mill. kroner.

KAP. 854 TILTAK I BARNE- OG UNGDOMSVERNET

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer mellom anna refusjon av barnevernsutgifter på Svalbard. Som følgje av høgare refusjonar enn tidlegare lagt til grunn, er det eit meirbehov på posten. Departementet føreslår på denne bakgrunn å auke løyvinga på kap. 854 post 21 med 0,5 mill. kroner.

På posten er det òg sett av 0,5 mill. kroner for å følgje opp arbeidet til kommunane med å handtere konsekvensane av feilen i nasjonal løysing for bekymringsmeldingar. Departementet føreslår å tildele midlane til Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt arbeid på området. For å sikre korrekt postbruk føreslår departementet å flytte midlane til kap. 854 post 72. Sjå omtale under den posten.

Post 22 Barnesakkunnig kommisjon

Løyvinga på posten dekkjer drift av Barnesakkunnig kommisjon. Det er venta eit mindreforbruk på posten fordi det har vore færre innkomne rapportar frå sakkunnige i barnevernssaker enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Departementet føreslår å redusere løyvinga under kap. 854 post 22 med 2,7 mill. kroner.

Post 23 Kompetansehevingstiltak i barnevernet

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til kompetansehevingstiltak for kommunalt barnevern. Det er i gjeldande budsjett løyvd 12 mill. kroner for å styrkje styring og leiing i kommunalt barnevern. Fleire av tiltaka kjem ikkje i gang for fullt før i 2024. Det er derfor venta eit mindreforbruk i 2023.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 854 post 23 med 5,5 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barnevernet, kan overførast, kan nyttas under post 23

For å følgje opp arbeidet med å handtere konsekvensane av feil i nasjonal løysing for bekymringsmeldingar, føreslår departementet å gi eit tilskot til KS på posten. Midlane skal mellom anna nyttast til å tilpasse bekymringsmeldingsportalen slik at han gir betre støtte til kommunane sin kontroll med, og oppfølging av, dei digitale meldingane. KS vil òg utvikle og tilgjengeleggjere rettleingsmateriell for kommunane, som skal bidra til å auke kompetansen på risiko- og sårbarheitsvurderingar på området.

BFD føreslår å auke løyvinga under kap. 854 post 72 med 0,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 854 post 21.

KAP. 3856 BARNEVERNETS OMSORGSSENTER FOR EINSLEGE, MINDREÅRIGE ASYLSØKJARAR

Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Ifølgje retningslinene frå OECD/DAC er det berre utgifter det fyrste året som kan ODA-godkjennast. I gjeldande budsjett er det lagt til grunn at 98 pst. av barna i omsorgssentera har under eitt år opphaldstid. På grunn av stor auke i talet på barn i omsorgssentera har det teke noko lengre tid å busetje. Det blir no venta at om lag 81 pst. av barna vil ha opphaldstid på under eitt år i 2023.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 3856 post 4 med 56,5 mill. kroner.

Post 60 Kommunale eigendelar

Det vart, i samband med revidert nasjonalbudsjett, oppretta ein ny inntekstpost for barn som blir plasserte i omsorgssentera som barnevernstiltak. Det er venta

mindreinntekter frå kommunale eigendelar på posten i 2023.

BFD føreslår å redusere løyvinga under kap. 3856 post 60 med 0,9 mill. kroner.

KAP. 881 TILSKOT TIL TRUSSAMFUNN M.M.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten skal mellom anna dekkje utgifter til forskings- og utviklingstiltak på trus- og livssynsområdet og innanfor feltet gravplassar, kremasjon og gravferd. BFD føreslår å redusere kap. 881 post 21 med 0,85 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 881 post 78 for å sikre korrekt postbruk. Sjå omtale på den posten.

Post 70 Tilskot til tros- og livssynssamfunn, *overslagsløyving*

Det er behov for ei auke i løyvinga, då den kommunale delen av grunnlaget blei høgare enn lagt til grunn i vedteke budsjett. I tillegg kjem auka behov grunna høgare tal på tilskotsteljande medlemmer i andre tros- og livssynssamfunn og lågare tal på medlemmer i Den norske kyrkja enn tidlegare lagt til grunn.

BFD føreslår å auke løyvinga på kap. 881 post 70 med 19,3 mill. kroner.

Post 78 Ymse faste tiltak

BFD føreslår ei auke i løyvinga over kap. 881 post 78 på 0,85 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon i løyvinga over kap. 881 post 21. Midlane nyttast til utvikling av kunnskapsgrunnlaget på trus- og livssynsområdet.

Auka prisar og renter påverkar kvardagen til dei som allereie har minst, sjå omtale under kap. 846 post 61. BFD føreslår å auke løyvinga på posten med 4,125 mill. kroner til Den norske kyrkja, 1,875 mill. kroner til Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn, 1 mill. kroner til Muslimske Dialognettverk og 1 mill. kroner til Norges Kristne Råd. Paraplyorganisasjonane kan fordele vidare til sine medlemsorganisasjonar. Midla skal nyttast til arrangement i juletida og på nyåret, utdeling av matposar til familiar og til julegåver til barn.

Konflikten i Israel og dei palestinske områda set trus- og livssynsdialogen i Noreg under press. BFD føreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner for å styrkje arbeidet til Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn med den breie trus- og livssynsdialogen, inkludert arbeidet retta mot ungdom.

BFD føreslår å auke løyvinga på kap. 881 post 78 med 10,85 mill. kroner.

KAP. 882 KYRKJEBYGG OG GRAVPLASSAR

Post 60 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, *kan overførast*

Løyvinga på posten skal dekkje beløp tilsvarende renteutgiftene for dei investeringskostnadene som det er gitt tilsegn om kompensasjon for i perioden 2005–2019. Det har ikkje vore gitt ny investeringsramme sidan 2019. I 2023 har berekningsrenta og investeringsramma vore lågare enn lagt til grunn i saldert budsjett.

BFD foreslår å redusere løyvinga på kap. 882 post 60 med 34,7 mill. kroner.

KAP. 2530 FORELDREPENGAR

Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, *overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2023 blir no rekna til 22 820 mill. kroner. Dette er 780 mill. kroner lågare enn gjeldande budsjett. Reduksjonen skuldast i hovudsak at færre foreldre enn tidlegare er venta å få foreldrepengar. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530 post 70 med 780 mill. kroner.

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, *overslagsløyving*

Utgiftene til eingongsstønad ved fødsel og adopsjon i 2023 blir no rekna til 735 mill. kroner. Dette er 27,2 mill. kroner høgare enn gjeldande budsjett. Endringa kjem av at det er venta eit høgare tal eingongsstønadmottakarar i 2023 enn tidlegare lagt til grunn. BFD føreslår derfor å auke løyvinga under kap. 2530 post 71 med 27,2 mill. kroner.

Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, *overslagsløyving*

Anslaget for foreldrepengar året før og kor stor del av dette som blir utbetalt som feriepengar er lågare enn tidlegare lagt til grunn. Dette kjem av redusert feriepengedel frå 2,7 pst. til 2,6 pst. Utgiftene i 2023 blir no rekna til 595 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530 post 72 med 20 mill. kroner.

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, *overslagsløyving*

Talet på mottakarar av foreldrepengar ved adopsjon har vore lågare enn tidlegare lagt til grunn. Utgiftene i 2023 blir no rekna til 30 mill. kroner. BFD føreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 2530 post 73 med 10 mill. kroner.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åse Kristin Ask Bakke, Mona Nilsen og Torstein Tvedt Solberg, frå Høgre, Turid Kristensen og Tage Pettersen, frå Senterpartiet, Margrethe Haarr og Åslog Sem-Jacobsen, frå Framstegspartiet, Silje Hjemdal, frå Sosialistisk Venstreparti, Audun Hammer Hovda, og frå Venstre, leiaren Grunde Almeland, viser til forslaga frå regjeringa i proposisjonen.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til enighet mellom disse partiene om nysalderingen, og til at man er enige om å øke bevilgning til digitalisering i barneverns- og helse-nemdene. Flertallet foreslår derfor å øke kap. 853 post 1 med 5 mill. kroner, sammenlignet med regjeringens forslag.

Flertallet viser til enighet mellom disse partiene om nysalderingen, og til at man er enige om å øke bevilgningen til institusjonsbarnevernet. Flertallet foreslår derfor å øke kap. 855 post 1 med 20 mill. kroner, sammenlignet med regjeringens forslag.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre slutter seg til de foreslåtte endringene.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Venstre viser til tendensen til at regjeringen tar stadig større politiske grep i nysalderingen av budsjettet, og at det flyttes større summer enn tidligere. Disse medlemmer mener det er en uheldig utvikling, og påpeker at alle justeringene det er mulig å gjøre i revidert statsbudsjett, skal tas i den forbindelse. Disse medlemmer mener det også er uheldig når politiske markeringer gjøres i forbindelse med nysalderingen, og understreker at det er viktig for den politiske prosessen knyttet til budsjettarbeidet at nysalderingen er en nysaldering, og ikke et revidert budsjettforslag.

3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2023 vert det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|----------|------|--|-------------|
| Utgifter | | | |
| 841 | | Samliv og konfliktløsning | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ... frå kr 12 947 000 til kr 14 047 000 | 1 100 000 |
| | 71 | Bidragsforskot, blir redusert med frå kr 683 350 000 til kr 655 000 000 | 28 350 000 |
| 843 | | Adopsjonsstønad | |
| | 70 | Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 9 500 000 til kr 6 000 000 | 3 500 000 |
| 845 | | Barnetrygd | |
| | 70 | Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 21 651 857 000 til kr 21 340 000 000 | 311 857 000 |
| 846 | | Familie- og oppveksttiltak | |
| | 61 | Tilskot til å inkludere barn og unge, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med ... frå kr 694 942 000 til kr 703 942 000 | 9 000 000 |
| | 62 | Utvikling i kommunane, blir redusert med frå kr 106 740 000 til kr 104 440 000 | 2 300 000 |

| Kap. | Post Formål | Kroner |
|-----------|--|-------------|
| | 79 Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 11 533 000 til kr 10 033 000 | 1 500 000 |
| 853 | Barneverns- og helsenemndene | |
| | 1 Driftsutgifter, blir auka med frå kr 258 890 000 til kr 272 890 000 | 14 000 000 |
| 854 | Tiltak i barne- og ungdomsvernet | |
| | 22 Barnesakkunnig kommisjon, blir redusert med frå kr 15 399 000 til kr 12 699 000 | 2 700 000 |
| | 23 Kompetansehevingstiltak i barnevernet, <i>kan nyttast under post 72</i> , blir redusert med frå kr 56 412 000 til kr 50 912 000 | 5 500 000 |
| | 72 Tilskot til forskning og kompetanseutvikling i barnevernet, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 23</i> , blir auka med frå kr 121 656 000 til kr 122 156 000 | 500 000 |
| 855 | Statleg forvaltning av barnevernet | |
| | 1 Driftsutgifter, blir auka med frå kr 4 457 101 000 til kr 4 477 101 000 | 20 000 000 |
| 881 | Tilskot til trussamfunn m.m. | |
| | 21 Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 8 816 000 til kr 7 966 000 | 850 000 |
| | 70 Tilskot til trus- og livssynssamfunn, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 008 533 000 til kr 1 027 787 000 | 19 254 000 |
| | 78 Ymse faste tiltak, blir auka med frå kr 16 571 000 til kr 27 421 000 | 10 850 000 |
| 882 | Kyrkjebygg og gravplassar | |
| | 60 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 121 516 000 til kr 86 772 000 | 34 744 000 |
| 2530 | Foreldrepengar | |
| | 70 Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 23 600 000 000 til kr 22 820 000 000 | 780 000 000 |
| | 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 707 837 000 til kr 735 000 000 | 27 163 000 |
| | 72 Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 615 000 000 til kr 595 000 000 | 20 000 000 |
| | 73 Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 40 000 000 til kr 30 000 000 | 10 000 000 |
| Inntekter | | |
| 3841 | Samliv og konfliktløsning | |
| | 70 Refusjon frå bidragspliktige, blir redusert med frå kr 188 000 000 til kr 187 000 000 | 1 000 000 |
| 3856 | Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar | |
| | 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 348 208 000 til kr 291 747 000 | 56 461 000 |
| | 60 Kommunale eigendelar, blir redusert med frå kr 2 700 000 til kr 1 800 000 | 900 000 |

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 12. desember 2023

Grunde Almeland

leiar og ordførar

